



Betania Knarvik  
Juvikstølen 1  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/185 - 17/2579

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
27.01.2017

## Svar på førespurnad om grillhytte - gbnr 185/264 isdal

Lindås kommune viser til oversending frå Statens vegvesen, mottatt 17.01.2017, som gjeld søknad om dispensasjon frå byggjegrensa mot fylkesveg 57 for planlagt oppføring av grillhytte på gbnr 185/264.

Eigedomen ligg i område som er omfatta av reguleringsplanen Lonelva – Juvikvarden, planID 1263-200904. Tiltaket ligg innanfor område merka T10 som er sett av til føremålet kyrkje og anna religionsutøving/område for eksisterande religiøst forsamlingshus. Tiltaket vil slik det er plassert på situasjonsplanen ikkje koma i konflikt med regulert byggjegrense langs fylkesvegen som for dette området går i føremåls grensa, jf reguleringsføresegnene punkt 3.2.

Etablering av grillhytta er eit tiltak som krev søknad og løyve etter plan- og bygningslova § 20-1. Vi gjer merksam på at den plasseringa som er vist for grillhytta ligg innanfor omsynssone støy, jf skravert område i planen på kartutsnitt. I dette området er det ikkje tillatt å oppføra støykjenslevare bygg utan tiltak som reduserer støynivået på fasade under grenseverdi for raud sone (Lden=65 dB), jf punkt 1.5 og 6.1.2 i reguleringsføresegnene.

